



Ørskog kommune

-Sunnmørsperla ved Storfjorden -
**Ørskog interkommunale
landbrukskontor**

**Landbruks- og Matdepartementet
Postboks 8007, Dep.**

0030 OSLO

Vår ref.
13/2461-v60/HEFA

Dykkar ref.

Dato:
11.03.2013

Uttale til høyring om endringar i jordlova § 12. Ørskog kommune.

Det er gjort følgjande vedtak i saken:

Rådmannen legg saka fram med slik

INNSTILLING:

Kommunen støttar framlagt endringsforslag til jordlova §12.

Behandling i Formannskapet den 07.03.2013

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

FS-023/13 Vedtak:

Ørskog kommune støttar framlagt endringsforslag til jordlova § 12.

Rådmannen legg saka fram med slik

INNSTILLING:

Kommunen støttar framlagt endringsforslag til jordlova §12.

Behandling i Formannskapet den 07.03.2013

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

FS-023/13 Vedtak:

Ørskog kommune støttar framlagt endringsforslag til jordlova § 12.

Saksopplysningar:

Landbruks- og matdepartementet (LMD) sendte i brev datert 25.01.2013 ut på høyring eit framlegg om endringer i jordlova § 12. Kommunene er blant høyringsinstansane, men departementet har "glømt" å sende høyringsnotatet til dei. I e-post 15.02.2013 viser LMD til at dei hadde sendt notatet til fylkeskommunene med oppmoding om vidaresending til kommunene. Samtidig gjer departementet det klart at dei likevel vil halde seg til den fastsette høyringsfristen. Fristen var i utgangspunktet kort, berre 6 veker, i det LMD viser til at framlegget til endring er i samsvar med det regjeringa har sagt i landbruksmeldinga - Meld. St. 9 (2011- 2012) og dermed allereie burde vere kjent. Vi har fått opplyst i telefonsamtale at LMD vil ta hensyn til innspel innsende i veke 11.

LMD kjem med framlegg om at det skal bli enklare å dele frå til tilleggsjord, bustadformål og ei eiga føresegn som gir unntak for mindre grensejusteringar etter matrikkelova. Vidare er det foreslått at det må godkjennast omdisponering av dyrka og dyrkbar jord , samt dispensasjon frå kommuneplan før frådelling.

Vurdering:

Høyringsnotatet som er sendt ut er kort og godt strukturert. Rådmannen ser difor ikkje grunn til å presentere noko samanfatning av notatet, men viser til det som vedlegg. Rådmannen vil trekke fram desse momenta:

Forslaget har fleire positive verknadar for landbruket på våre kantar. Ein av største utfordringane på vestlandet er eigedomsstrukturen med mange små bruk. Dette fører til stor andel leigejord, ved utbygging kan dette og føre til problem med nok pantegrunnlag. At det vert lettare å dele frå tilleggsjord vil vere positivt for dei bruka som satsar og ynskjer å bygge ut. Med å dele frå tunet til bustad er det og mogeleg at fleire vel å selje jorda.

Fleire frådelt tun og auka bustadbygging kan og føre til auka konflikt mellom næringa og busetnad. At det vert enklare å dele frå til bustadformål kan føre til at mindre bruk vert frådelt bit for bit, spesielt ser ein dette som ei fare i område der det er stort utbyggingspress. I andre område kan det klart vere ein fordel at det vert lettare å etablere nye bustadar og auka busetnad.

Endring i saksbehandlinga som gjer at ein må godkjenne omdisponering og dispensere frå kommuneplanen før ei deling, kan styrke jordvernet. Ei klar saksbehandlingsline er ein fordel.

Med helsing

Helga Færøy
Landbrukssjef